

(31.08.2015)

Blåsvarte Høgre

Miljøpartiet Dei Grøne var tidleg ute med programmet, og me delte det ut med rund hand til dei andre partia, som ikkje var ferdige på den tida. Når eg i dag ser gjennom programbrosjyrane til dei andre, er det med glede eg registrerer både at dei langt på veg har lagt seg på ei grøn framtidsretta linje, og at dei faktisk har teke opp nokre av våre idear og prosjekt.

Så blar eg gjennom Høgre sin faldar, den finaste av alle å sjå til. Med stort bilde av Peder utapå. Etter kvart som eg les så nikkar eg attkjennande, dette har eg lese før. Men når var det? Det slår meg at det må ha vore på midten av syttitalet.

Ærleg tala, Peder, er det ingen som har fortalt dykk at me i dag skriv årstalet med eit to-tal først? Og at dei fleste av oss har gjort det i femten år?

Dei for oss kjende og kjære orda fornybar, berekraftig, grøn, framtidsretta arbeidsplassar, nærmiljø, kortreist, matfattet, klima, miljø, neste generasjon, grøn produksjon, som eg fann mange av i dei andre programma, dei var totalt fråverande i Høgre sitt program. Ikkje ei einaste setning om at dei vil leggja om til ein annan kurs, av omsyn til miljøet og etterkomarane. Uruleg, men faktisk sant!

Konkrete prosjekt er det også vanskeleg å finna konturane av, programmet fløymer derimot over av runde formuleringar. Desse hører som sagt heime i ei heilt anna tid, ikkje no når situasjonen i kommunen krev offensiv handling på mange område.

Ikkje ein gong grøne festtalar har me fått frå Høgre her lokalt. Dette kunne dei ha lært seg av stjerna Erna, som slår om seg med slike størstedelen av tida.

Og ikkje nok med det, i løpet av ein einaste april-månad i år, klarte ho å gjennomføra fleire gigantiske rampestrekar mot klimaet. Høyr berre:

Snøskuter-frisleppet: Utan fnugg av konsekvensutgreiing vart forbodet mot kjøring i naturen oppheva.

Kolutvinning: Same året som G7-landa og eit samla storting vedtek å trekka kol ut av den internasjonale økonomien, sputtar Erna & Siv inn 500 millionar i kolgruve drift på Svalbard.

Deponi i Førdefjorden: Trass stor motstand frå alle relevante faginstansar, gir ho løyve til utslepp av miljøfarleg gruveavfall i ein av landets reinaste fjordar. Ikkje som eit eingongsutslepp, men 7 tonn kvart einaste minutt gjennom dei neste 50 åra!

Iskanten: Den 24. april avgjorde regjeringa kort og godt at iskanten har flytta seg lengre nord i Arktis, og at det difor kan opnast for oljeboring heilt opp til den «nye» iskanten. Når me veit at iskanten flyttar seg nett på grunn av den store olje- og gassverksemda, så ville dei ikkje eingong i Molboland kunna hamla opp med denne logikken.

Landbruksoppgjeret: Lågaste kravet på ti år frå bøndene blir møtt med eit skamtilbod frå regjeringa, på berre 10 prosent av dette att. Korleis rimar dette med Stortingsvedtaket frå i fjar om «høgast mogleg sjølvforsyning av mat», og at «auka matproduksjon skal vera med grunnlag i norske ressursar»?

Dei runde, vase og gamaldagse formuleringane i Høgre sitt program lokalt ber kan hende bod om tilsvarande rampestrekar her på heimebane?

Forresten. Kanskje dei berre har gløymt å ta med dei grøne tankane i programmet sitt? Nett slik dei har gløymt at dei vil ha søndagsopne butikkar?

Arne Gjerde
Førstekandidat
Miljøpartiet Dei Grøne